

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad:</b>	Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
<b>Dato:</b>	04.12.2019
<b>Tid:</b>	11:00

### Program

- kl. 11:00-11:05 Opning av møte
- kl. 11:05-11:45 Orientering: Opplæringsavdelinga i Hordaland, Janne Lisen Ringdal Strøm, konst. Leiar OT/PPT: Samhandling mellom grunnskoler og vidaregåande skuler når det gjeld rettleiingstenester.
- kl. 11:45-12:30 Sakshandsaming.
- kl. 12:45- Julelunsj på Hotell Ørnen.

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemmer i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kjell Gitton Håland  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 30/19	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 31/19	Godkjenning av sakliste		
PS 32/19	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 33/19	Referatsak (meldingar)		
RS 17/19	Møtereferat frå møte i RMNF AU den 19.11.2019	2017/485	
PS 34/19	Ymse		
PS 35/19	Årsmelding for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2019	2017/485	

**PS 30/19 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 31/19 Godkjenning av sakliste**

**PS 32/19 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 33/19 Referatsak (meldingar)**



## **Notat**

Dato: 22.11.2019  
Arkivsak: 2017/485-105  
Saksbehandlar: mernord

---

**Til:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Møtereferat frå møte i RMNF AU den 19.11.2019**

Vedlagt sendes referat frå møte i RMNF-AU den 19.11.2019.

Vedlegg:

1. Møtereferat frå møte i RMNF-AU den 19.11.2019.

## Referat frå AU-møte 19.11.2019 på fylkeshuset

Start kl 14,30 og ferdig kl 15,40

Desse møtte: Kjell Håland, Kjell Søvik og Merethe H. Nordnes.

### Punkt 1.

Dette er det siste AU-møtet i RMNF då Kommunelova ikkje gjev rom for å ha arbeidsutval lenger.

Det er også det siste møtet i RMNF med den samansettinga som har vore dei siste 4 åra, og i den anledning vil det bli gitt ei lita gåve til kvar som takk for innsatsen. Harald Norheim og Kjell Søvik som har vore faste medlemmer i rådet i 12 år, får kvar si bok.

### Punkt 2.

Årsmelding for 2019. Kjell Søvik har skriva eit utkast til årsmelding, og med litt rettelser og justeringar frå Kjell Håland er no forslag til årsmelding klart for å framleggast for rådet i møte 04.12.2019.

### Punkt 3.

På rådsmøte 04.12. blir det ei orientering. Den tar for seg samhandling mellom grunn- og vidaregåande skule og rettleiingstenesta. OTPPT vil bli nedlagt i si noverande form, og det vil bli orientert om endringane som skal skje frå nyttår.

### Punkt 4.

På slutten av AU-møtet var Dagmar Hillestad med på telefon, ho skal overta som sekretær for rådet frå nyttår. Sidan RMNF ikkje lenger får ha AU, vil det kvila eit større ansvar på sekretæren når det gjeld å skaffe fram saker til rådet.

### Punkt 5.

Som vanleg etter siste møte i RMNF før Jul, blir det også i år invitert til julelunsj på Scandic Hotel Ørnen

Ref. Kjell Søvik

**PS 34/19 Ymse**



Arkivnr: 2017/485-104  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	35/19	04.12.2019

## Årsmelding for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 2019

### Samandrag

Framlegg til årsmelding for året 2019 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil bli lagt fram og vert gjennomgått i møtet den 04.12.2019.

**Økonomi:** Midlar til møteverksemnda er innarbeid i budsjetta for året 2019.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

### Forslag til vedtak

Årsmelding 2019 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjeva

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sjå vedlegg.



# Årsmelding 2019

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne



## **OM RAPPORTEN**

Ansvarleg avdeling/eining: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Kontaktinformasjon/ e-post:

Dato/ev. versjonsnr.1

# Samansetning av rådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert valde for den kommunale valperioden.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå 01.01.2019:

Leiar:	<b>Kjell Håland, A</b>
Nestleiar:	<b>Kjell Søvik, FFO</b>
Medlem:	<b>Ingeborg Hordvik, FL</b> <b>R/SV/Sp/KrF</b>
Medlem:	<b>May Eva Sandvik, H</b>
Medlem:	<b>Harald Norheim, SAFO</b>
Medlem:	<b>Inge Fiskvik, FFO</b>
Medlem:	<b>Nina Murberg, FFO</b>
Varamedlem:	<b>Kari Sørensen Bernardini, A</b>
Varamedlem:	<b>Toralv Mikkelsen, A</b>
Varamedlem:	<b>Jette Lunemann Hansen, A</b>
Varamedlem:	<b>Tore Svane, FFO</b>
Varamedlem:	<b>Siri Fransson, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Varamedlem:	<b>Jostein Ljones, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Varamedlem:	<b>Beate Husa, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Varamedlem:	<b>Ragnhild Fagerbakke, H</b>
Varamedlem:	<b>John Torgeir Torsvik, H</b>
Varamedlem:	<b>Sissel Johnsen, SAFO</b>
Varamedlem:	<b>Laila Grosvold Nygård, FFO</b>
Varamedlem:	<b>Mona Røsvik Strømme, H</b>
Varamedlem:	<b>Asbjørn Halsebakke, FFO</b>

## REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

### 1. Samansetjing

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget.

3 medlemmer bør veljast mellom medlemmene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval.

4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

### 2. Oppgåver

a. *Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innan sitt arbeidsområde:*

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

2019 er det fjerde og siste året for medlemmene i RMNF i denne valgperioden. På det konstituerande Fylkestinget den 15. oktober 2019 i det nye Vestland fylke vart det nye RMNF vald for neste valperiode.

RMNF har i 2019 handsama 30 PS-saker og 17 RS-saker.

Her er nokre av sakene/temaene rådet har handsama:

- På møtet 23.01. fekk RMNF presentert Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018. Det var eit par svakheiter i denne undersøkinga. Alle som svara måtte vera registrert i DIFI, og ein del eldre fall då ut. Etter denne orienteringa var det eit ønske frå RMNF om ei ny orientering med særleg vekt på det som er implementert. Denne orienteringa fekk RMNF i augustmøtet.
- Hausten 2018 fekk RMNF spørsmål om tryggleiken på ferjene, var dei godt nok bemanna i høve evakuering? På januarmøtet stilte Skyss og orienterte om krav til tryggleik i ferjekontraktane. Fjord1 orienterte om bemanning og tryggleiken på ferjene. RMNF var nøgd med orienteringa.
- Tradisjonen tru inviterte RMNF i mars alle dei kommunale råda i fylket til sin årlege temadag. Tema dette året var: "Kultur, idrett og tilgjenge", med fokus på tilgjenge for menneske med nedsett funksjonsevne. Foredragshaldarane kom frå Danmark, Sverige og Bergen (Idrettscampus Bergen). Nytt av året var at konferansen vart streama, der fleire rundt om i fylket kunne følgje med.
- RMNF vart informert om nye tannklinikkar på Straume og i Knarvik, men nok ein gong er sakshandsaminga for dårleg, då rådet fekk orienteringa etter at klinikkane var ferdige.
- Dei siste par åra har representantar frå RMNF vore med i brukarmedverknadsgsgruppa – Bybanen byggetrinn 4 til Fyllingsdalen.
- Stiftelsen SOR (Fag- og forskningsfond om utviklingshemming) har kvart år hatt to konferansar, ein i Bergen på vårparten, og ein i Oslo på hausten. RMNF var representert i Bergen, og tema for konferansen var "Er godt nok godt nok?" Dette handlar om psykisk utviklingshemma, og det er mange eksempel på at det går sakte framover. Men det er langt igjen før utviklingshemma er likestilt i samfunnet. Arbeidsprosjektet "Helt med" er eit positivt tiltak, men her ein manglar VTA-midlar til å utvide tilbodet.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet inviterte til Høring - Forslag til forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom. RMNF ga svar, og vart høyrte på noko, men ikkje alt.
- Helse- og sosialdepartementet inviterte til " Høring - forslag til endring av forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi m.m." Dekninga av desse utgiftene er kraftig redusert dei siste åra, noko RMNF påpeika svært tydeleg. Ordninga gjeld berre: «Barn under 16 år, Personar med frikort tak 2, Personar med godkjent yrkesskade og soldatar i førstegangsteneste».
- I samband med forvaltningsrevisjon av TT-ordninga i Hordaland fylkeskommune vart nestleiar intervjuet av representantar frå Deloitte. Spørsmåla handla for ein stor del om brukarmedverknad, og korleis RMNF føler at ein blir tatt med på råd. Denne saka vart fulgt opp av Kontrollutvalet i fylket og handsama i fylkestinget 1.oktober 2019.

- Helse- og omsorgsdep. sendte ut invitasjon til høyring om endring av Helsepersonelloven § 29C – enklare tilgong til helseopplysningar for kvalitetssikring av helsehjelp og eigen læring. Her ga RMNF eit klart svar der ein var enig i noko, men ikkje i alt.
- Planane om det nye fylkeshuset har fått mykje merksemd det siste året, og i augustmøtet var det både presentasjon og påfølgande dialog. Eit nyttig møte der universell utforming var hovudtema, og RMNF fekk lagt fram sine synspunkt til ei lydhør gruppe planleggarar.
- I slutten av juni kom det brev frå Samferdselsdepartementet om at Hordaland var tildelt kr. 28,5 mill til utvida TT for 2. halvår 2019. Det inneber at det pr dato er 2540 brukarar i fylket som får ein monaleg auka i sin TT-kvote. Desse midlane skal brukast på fritids- og aktivitetsreiser til rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte. Sogn og Fjordane fylke har vore med i ordninga med utvida kvote TT-reiser i fleire år. Det er bra at TT-brukarar i Hordaland no får same ordning før Vestland fylke formelt vart skipa.

Program for Temadag:  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 18.03.2019.



## TEMADAG RMNF 2019

**Tema: Kultur, idrett og tilgjengelighet – med fokus på tilgjengelighet til kultur- og idrettsaktiviteter for menneske med nedsett funksjonsevne**

---

**MANDAG DEN 18. MARS 2019**

Scandic Hotell Ørnen, Lars Hillesgt. 18, Bergen

---

- Kl. 09:30 Registrering
- Kl. 10:00 Velkommen/opning ved direktør for kultur og idrett: Per Morten Ekerhovd.
- Kl. 10:15 **Handicaporganisationernes Hus, København: Jesper Boesen.**  
Korleis gjera bygg meir tilgjengelege ? Med spesiell vekt på kulturbygg og idrettsanlegg.
- Kl. 11:00 Pause
- Kl. 11:15 **Borås kommune, Sverige: Lena Mellblad og Hera Nowak. Borås en by for alle – vinner av Europeisk tilgjengelighetspris. Kva for eit arbeid har blitt utført ?**  
Med spesielt fokus på tilgjengelegheit til kultur og idrettaktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Kl. 12:00 – 13:00 Lunsj
- Kl. 13:00 **Idrettscampus Bergen – Torhild Næss Vedeler og Randi Marie Berntsen Farnes.** Idrettscampus Bergen sine satsingsområder – herunder knutepunkt med Energisenteret for barn og unge – samt arbeidet med tilrettelegging av idrettsaktivitetar for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Kl. 14:00 **HLM Arkitektur – arkitekt Marlies Lekven.** Korleis gjere bygg meir tilgjengelege? Med spesiell vekt på Åsane kulturhus.



Kl. 14:30 **Bergen offentlige bibliotek: rådgjevar Håvard Legreid.  
Hvordan gjere Biblioteket i nye Åsane Kulturhus meir  
tilgjengeleg?**


Kl. 15:00 Programmet slutt.



Rådsmedlemmane i RMNF, med møtesekretær. Medlem May Eva Sandvik var ikkje tilstades då biletet vart tatt.







**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.